



PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR. 2, 62. ÅRGANG, 2023



Konfirmantar 2023

Foran frå venstre: Linnea Lien-Lyhus, Victoria Skogen, Sølve Rudi-Nereng, Kristin Kjørli, Mathilde Mørstad
2. rad frå venstre: Klukkar Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum, Amund Hovda Skolte, Marit Skrindsrud Nordås, Samanta Vaidilauskaite, Thea Helene Steen Rogne, Tord Gjerdalen Oldre, sokneprest Eli Vatn
3. rad frå venstre: Odne Liaskar Granli, Henrik Johansen, Ørjan Berg, Tias Reboli Bakken, Andreas Hermundstad Andersen, Tor Even Idstad, Tobias Håvelsrud Svarre
Bakerst frå venstre: Georg Rødningen Kolbjørnshus, Tinius Stanes Høe, Håkon Smedvig Nordmeland, Trym Skrebergene Lykken, Rahim Nordli Holden

PÅ KYRKJEVEG

Kyrkjeblad for Øystre Slidre
Utgjevar: Sokneråda i Øystre Slidre.
 Bladet kjem med 4 nummer i året.

Redaksjon: Eli Vatn, Martha Viken, Ingrid Meyrick,
 Gunvor Hegge og Oddveig Holdal Weeg.

Konto nr.: 2135 25 01678 / **VIPPS:** 105751
Lay-out: designsaskia.no
Trykk: Bekkevolds Lyskopi ANS

I dette nummeret er det spesielt fokus på Volbu sokn. I neste nummer vil vi fokusere på Rogne sokn. Kom gjerne med idéar til stoff.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer:
 2. september 2023

Framsida: Konfirmantar 2023
Foto: Christine Stokkebryn

 **DEN NORSKE KYRKJA**

ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrjekontoret, Tingvang , Bygdivegen 1989,
 2940 Heggenes

E-POST: post.oystreslidre@kyrkja.no

KONTORTID: Alle dagar 10 - 14

MERK NYE TELEFONNUMMER!

KYRKJEVERJE: Ove Ekerbakke	481 40 309
SOKNEPREST/FJELLPREST: Eli Vatn	991 29 976
PROST: Carl Philip Weisser	915 55 504
SEKRETÆR: Oddveig Holdal Weeg	916 38 300
KYRKJEGARDSARBEIDAR: Jon Gunnar Solhaug	952 19 341
KYRKJEMUSIKAR: Magne Olav Selland	934 19 294
TRUSOPPLÆRAR: Marianne Straum	901 21 647

SOKNA VÅRE

HEGGE KYRKJE Vipps: 515422

Klokkar: Ola Magnus Vatn Weisser
 Kyrkjetenar: Jon Gunnar Solhaug
 Reinhaldar: Synnøve Rødningen
 Soknerådsleiar: Arnstein Alund

VOLBU KYRKJE Vipps: 590221

Klokkar: Hildur Vingdal
 Kyrkjetenar: Svein Hegge
 Reinhaldar: Svein Hegge
 Soknerådsleiar: Øystein Skattebu

LIDAR KYRKJE Vipps: 135151

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
 Kyrkjetenar: Harald Melby
 Reinhaldar: Harald Melby
 Soknerådsleiar: Sissel Dahle Lie

ROGNE KYRKJE Vipps: 587467

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
 Kyrkjetenar: Svein Erik Rogne
 Reinhaldar: Svein Erik Rogne
 Soknerådsleiar: Eli Dørvresdegård Skattebu



SOKNEPRESTEN HAR ORDET

“Meir enn ord...”

Desse orda frå soknepresten blir til medan eg sit på bussen på veg heim etter å ha vore barnevakt for vesle Josefine på eitt og eit halvt år. Dei blir til i ei erkjenning av at orda og forstanden vår er svært begrensa, og at det er så mykje, mykje meir. Vi kommuniserte så bra, Josefine og eg. Ho pratar i lange setningar, sjarmerande lydar kjem ut, og ved hjelp av resten av kroppen sitt uttrykk går det som regel bra å skjønne kva ho snakkar om. Og om eg svarar litt på sida, spelar det ingen rolle; vi smiler til kvarandre og ser kvarandre, ho sit på fanget, blir løfta og skifta bleie på, trilla i søvn. Ho leikar, kjenner på og lærer og uttrykker så mykje, og enno er det ikkje begrensa av det ho kan sette ord på.

Litt eldre er dei som kjem til «Kyrkjeskipet», det nye tiltaket vårt for to- og tre-åringar. Under gudstenesta får ungane sjølve utforske det heilage rommet og delta i heilage ritual som lystenning, eit måltid på leiken sine premisser, korsteikning og velsigning.

Måltidet er ei blanding av at dei sjølve leikar og at Marianne leier ein leik med å ro i ein stor båt, fange fisk og eta luft-brød og drikke luft-saft som presten deler ut etter å ha messa innstiftingsorda. Dei får krabbe opp i preikestolen, klatre over altarringen, plaske i døypefonten, plukke, kjenne på og leike med rosene og tyllen som ligg på barnealtaret. Dei gjer seg kjende med det heilage slik som eit barn gjer; gjerne med å ta i det. Dei får kjenne at altarringen held, det er vaksne der som tek imot dei eller som trøystar om dei fell. Musikk gjer dei merksame på noko, gir ein spesiell atmosfære. Dei blir kjende med Gud og rommet, men «rommet» blir på ein måte også «kjent med dei». Vi trur jo ikkje at altarringen har følelsar, men vi vaksne som er der, har det; vi tek imot dei, blir kjende med dei, opptrer på Guds vegne, er som hans sansar og utøvrer hans Godheit. Det er rett og slett veldig fint. Livet, folkens, det spreitt fram også i kyrkja, og er så mykje meir enn vi kan setje ord på og forstå!

- Eli



Rogne kyrkje Foto: Eli Vatn



Vinden blåser dit den vil...

AV: TORE SAMUELSEN
 PORTRETFOTO: HANNE DYSTEBAKKEN / ILLUSTRASJONSFOTO: PRIVAT



For over 20 år siden skulle jeg være vikarprest i ytre Namdalen noen måneder. Presten skulle ha studiepermisjon, og jeg skulle få bo i presteboligen. På vei utover forbi Namsos fikk jeg øye på noe langt framme. En vindmølle. Jeg hadde da aldri sett noen før i Norge. Denne lå på en topp ikke langt fra en av kirkene jeg skulle betjene. En søndag satte jeg meg helt inntil vindmøllen før gudstjenesten og leste dagens pretekst. Når du er helt inntil, virker den svær. Jeg ble fascinert, og tenkte at dette er virkelig ren energi.

I kristentroen er vind og pust viktige begreper. Den hellige ånd sammenliknes jo med vinden som blåser hvor den vil, du vet ikke hvor den skal hen. Guds veier går heller ikke alltid rett fram, livet tar mange ganger vendinger som kan overraske oss.

Nylig var jeg på tur med hurtigruta nordover. Langs Trøndelagskysten så jeg mange vindmøller- veldig mange.

Dette var Fosen, og der har vindmøllene medført konflikter. Jeg har også erkjent etterhvert at denne energiformen har minussider.

Men det er noe med vindmøllene som har gitt meg tanker om at dette også sier meg noe om kristentroens vesen. Det er noe dobbelt ute og går her. Vindmøllene er veldig høye, det er store krefter i sving. Det er viktig at de er meget godt festet i bakken. Her kan det ikke slurves. Hvordan er det med kristentroen? Den bør ikke være festet i oss selv, den må ha et grunnfeste i noe utenfra. Grunnlaget er Jesus, hans liv, korsdød og oppstandelse. Kristentroen står og faller med dette.

Men dette er den ene siden av saken. Vindmøllen er godt festet i bakken, men rotoren er fri til å rotere. Den er var for vinden- følsom for det minste vindkast- lett bevegelig.

Kanskje er dette noe vi skal ta til oss også. I møte med mennesker ser vi at Jesus er veldig var og følsom for folks

behov og deres livssituasjon. Her var det ikke å trampe inn med beksømsstøvler. Mange fikk oppleve forståelse og kjærlighet. Noe nytt spirte fram. Liv ble forvandlet.

Vi kan ikke alltid ha ferdige oppskrifter på hvordan ting skal være. Mennesker er alltid istand til å overraske oss. De fleste av oss har opplevd å være eller ha vært nede i dype daler. Er det ikke slik at menesker har et grunnleggende behov for å kjenne seg forstått ?

Så i livet og i troens verden er det viktig at noe er fast og grunnfestet, men likevel må vi være i stand til å møte andre mennesker med åpenhet og følsomhet - med varhet og forståelse.

«Vinden blåser dit den vil, og du hører den suser; men du vet ikke hvor den kommer fra, og hvor den farer hen; således er det med hver den som er født av Ånden». Joh 3, 8

Verdivandring med Rune Skogheim

TEKST OG FOTO: ELI VATN



Kva forventar vi av ein mann i 2023, og kva forventar ein mann i Øystre Slidre av seg sjølv? Eg er på leit etter eit mannsideal, eller maskuline verdiar om du vil.

Vi møttest på Sebu. Det vart ein kaffi til å begynne med, då Rune går på krykker etter ei fotballøkt og ein meniskskade. Uklokt av ein mann i slutten av 30 åra å drive med slikt, i følgje han sjølv.

Det var litt tilfeldig at eg kasta meg over Rune ved Co-open dagen før, men eg tenkte at det kunne gå an å drøfte kva verdiar som pregar mannsrollene i dag med han. Eg skjønar at Sebu ikkje er der han heng mest, men eg tenkte også at Rune og Sebu ville representere ei viss breidde i mannskulturen i Øystre Slidre. Det hadde eg rett i. Eg veit ikkje kor mange gonger eg har høyrte om avlidne karar: «Han var glad i alt som dura».

«Ja, det kjem du nok ikkje til å høyre om meg», smiler Rune.

Rune er flytta attende til Øystre Slidre, har kjøpt seg hus og har no ei halv stilling som lege på Fagernes. Full fastlegejobb og legevakter i Valdres er ein stor arbeidsbelastning, og han er spent på utviklinga av fastlegekrisen. Nå jobbar han 50% som fastlege, 20% på Univer-

sitetet i Tromsø og går legevakter. Det blir over 100% stilling, men med små barn i tillegg er han godt fornøyd med kvardagen han har nå.

Ja, kva er krava til ein mann i 2023? Verdiar som empati er for eksempel mykje viktigare i mitt yrke som lege no enn tidlegare, og ved det er det blitt fleire kvinner i legeyrket, seier Rune.

Det same kan eg vel seie om mitt yrke, tenkjer eg. Å vera prest er blitt mykje meir å prate med folk, forsøke å vera til hjelp i dei mest sårbare situasjonane. Om det er menn eller yrka som vert taparar ved at dei no blir meir og meir overtekne av kvinner, kan vi la henge i lufta. Men ei mannsrolle som ikkje skil seg så sterkt frå ei kvinners rolle har vorte meir dominerande.

Sjølv om eg er glad for at kjønnskilja er dempa ned, synes eg at det er interessant og verd å ta på alvor pendelen som svingar. Det er framleis rosa til jenter og blått til gutar - om enn i meir uklare nyansar, og at storleikar som Andrew Tate og Kjetil Rolness kjem på banen og

får såpass merksemd mellom anna på sosiale media. Dette er karar som på forskjellig vis stiller spørsmålsteikn ved det politisk korrekte, som vil gje rom for eller profilere ei meir tradisjonell mannsrolle, og uttalar seg skeptiske til ting som gjer dei gamle kjønnskategoriane utydelege. Handlar det om ytringsfridom eller om at ting vert utydelege og at ein treng å kategorisere for å orientere seg i verda? Eller er det ting ved å vera mann som ikkje får plass i det politisk korrekte? Dette spør vi oss mens vi sit der i benken på Sebu.

Vi oppdagar at vi har sett oss under Valdres Gatebil si oppfordring til å «prate om det».

«Ja, eg vart ordentleg glad da eg såg plakaten her fyste gongen», fortel Rune.

Det er ei god utvikling for mannsrolla. Men er det alltid like lett, undrar eg. Det er kan hende stereotyp, men eg har av og til intrykk av at ein del karar like gjerne vil handtere sorg ved hoggstabben, enn å prate om det.

Rune gjev meg rett i at det kan trengjast ein balanse i korleis ein handterer dei vanskelege kjenslene, noko prating, noko fysisk er kanskje det beste.

Men Rune har lite tru på å heile tida

unggå det som er vanskeleg. Det er av og til nødvendig å møte mørkret og ta tak i «demonane» sine.

Ja, eg har lært at troll sprekk når dei kjem ut i lyset, tenker eg for meg sjølv. Men det krevst mot, og ikkje minst språk for dei vanskelege tinga. «Ja, språk er utruleg viktig», bekreftar Rune, «og kvinner har tradisjonelt vore flinkare med språk som handlar om kjensler og relasjonar, to utruleg viktige område i livet. Språk er og viktig for å verta flink på skulen.»

Det kan vera godt å røre på seg, Rune samlar saman krykkene og eg resten av sjokoladen. «Moro at du valde Sebu», er Rune sin replikk vel ute ved pumpene, og medgir at han kjenner seg som fisken på land der. Det er vald med omhu av meg; eg såg for meg denne spenninga, og tenker at ho er viktig for temaet vårt; spenninga i forventningane til unge gutar. Det er viktig å vera ein tøff, fysisk kar her med olje på hendene og med handtering av tekniske utfordringar. Men kva så i møte med skule og det moderne samfunnet sine forventningar om å vera flink på skulen, sitte stille, vera empatisk, kunne snakke for seg, orientere seg i ei utydeleg og kompleks verd? Ofte kan det eine bli sett på som «finare enn det andre» og ein kan kjenne seg mindreverdige om ein ikkje er flink på skulen.

Både Rune og eg kan sjå at dersom du har utdanna deg til noko, og er til hjelp i ein situasjon, vil du kome i ein slags overlegen stilling, og det kan opplevast som eit fortrinn å vera der. Men eg kan godt seie at det er ganske sårbart å koma til ei bygd med fire gutar som ikkje har ein far som har snøskuter mellom beina, slik eg på fleip meinte ein måtte ha for å vera kar i Vang. Det kjendest absolutt som ein fare for utanforskap. Og Rune peikar på at når bilen har trøbbel eller han innreier hus, er det bilmekanikarane, snikkarane og elektrikarane som har kompetansen og er ovanpå.

Kva ynskjer du for gutane dine etter kvart som dei veks til? spør eg

Eg ynskjer at dei skal vera omsorgsfulle, gode medmenneske, opne og nysgjerrige, gjerne reiser litt (sjølv om dei kanskje ikkje bør fly). Og eg ynskjer at dei må finne eit miljø, ein samanheng å høyre til i, anten interessene blir fotball eller mekking. Rune fortel om E-sportsenteret som no er opna, der dei som har brukt mykje tid på guterommet med gaming, no kan kome saman fysisk.

Kva er det som er spanande med gaming? Det er flest gutar som driv med det. Kanskje er det og ein stad å leite etter maskuline verdiar. Spenning, fart, å vera kjapp, få utløp for aggresjon, skyting.

Eg hugsar at eg som nybakt mor proklamerte at skytevåpen ville eg ikkje kjøpe til gutane mine. Svigermor var lettare sjokkert over at eg ikkje ville la dei vera gutar. Og det vart nok ikkje til hinder for at det kom leikevåpen til prestegarden.

Rune peikar på at den sosiale utviklinga har vore enorm, medan den fysiske utviklinga ikkje har hengt med på same måten. Er det ein jeger som framleis ligg i biologien til dei fleste gutar? Og kvar får dei utløp for han, kanalisert han? Å legge lokk på og «demonisere» er truleg ikkje til det gode, og krig har vi dessverre ikkje utvikla oss vekk frå enno, tenker eg.

Rune avsluttar med litt undrande å fortelje at sjølv om han og kona deler rimeleg likt på oppgåvene i heimen, så er det han som tek seg av det som på nokon måte inneber ei konflikt; som til dømes å klage på ei vare. Han kjenner framleis eit ansvar for å verne familien sin. Bra, tenker eg! Og idet vi går kvar til vårt, er vi kanskje komne til ein verdi som kan fylle mannsrolla anten du likar å lese eller mekke, er empatisk eller barsk. Det er MOT!

Mot til å vera ærleg overfor seg sjølv og ikkje minst overfor andre.



Edvard Kjønserg på munnharpe



Vilde Holter på fele

Kulturskule- konsertar i kyrkja

TEKST OG FOTO: MAGNE OLAV SELLAND

I mars vart det halde konsertar med elevar i kulturskulen i kyrkjene våre. Den fyrste var i Volbu kyrkje 23. mars, der me fekk høyre 14 elevar med akustiske innslag.

Den 28. mars var det konsert i Rogne kyrkje. Her fekk me i tillegg til soloinnslag også høyre elevar som spelte i band, og me fekk sjå danseelevar utfalde seg på kyrkjegolvet. Begge konsertane hadde svært godt publikumsoppmøte.

Ein av grunnane til at kulturskulen held konsertar i kyrkja i år er 1000-års-jubileet for kyrkja i Valdres. I haust vil det halde fram med konsertar i Hegge og Lidar kyrkje.

PÅSKEVANDRING MED BEITO- OG ROGNE BARNEHAGE



6. og 7. mai var 16 ivrige tårnagentar samla i Rogne kyrkje. Dei løyste fleire oppdrag, fekk innføring i politiarbeid, var på oppdagingsferd i tårnet, og deltok på gudstenesta søndag.

TÅRNAGENT 2023



TAKK FOR BIDRAG OG GOD HJELP FRÅ STAB, KONFIRMANTAR OG REPRESENTANTAR FRÅ SOKNERÅDET!

LHBT+-kurs for alle tilsette

TEKST: HAMAR BISPEDØMMERÅD

*Våg å leve åpen, våg å kjenn deg fri
Våg å føle det du gjør, si det du vil si*

Det er sterkt når Sebastian Christensen syng om å vere skeiv i møte med kyrkja. Nokre av tilhøyrarane ser ned, og andre tørkar tårar. Vi er på kurs. Sebastian og to rådgjevarar frå Hamar bispedømmekontor har i vår møtt flest mogleg av kyrkja sine tilsette for å auke kunnskapen om LHBT+, kjønn og seksualitet. LHBT er kortform for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar. Målet med kurset er å skapa trygge rom og å vere ein god arbeidsplass for alle, også frå eit LHBT+-perspektiv.



Desse tre har vore på besøk i heile Hamar bispedømme Fv. Lars Erlend Kielland personalsjef Hamar bispedømmeråd, Sebastian Christensen, rådgjevar i VAKE og April Holten, diakonirådgjevar i Hamar bispedømmeråd.
Foto: Jens Dale



Sebastian Christensen talar rett frå hjartet når han møter tilsette i Sør-Østerdal prosti.
Foto: Hamar bispedømmeråd

der seksualitet utanom norma vart sett som «Vederstyggeleg perversitet». Folk i kyrkja har vore nøydde til å kjempe for plassen sin, også kvinner, og det er framleis ein veg å gå.

Kyrkerådet sin leiar, Kristin Gunleiksrud Raaum seier det slik: «- Det er to teologiske syn i Den norske kyrkja på vigsel av likekjønna par. Uansett kyrkja sitt syn så må vi arbeide med vår kunnskap og vår praksis slik at alle får eit godt møte med kyrkja si.»

Og det er nettopp dette kursa handlar om. Dei har kome i gang på bakgrunn av ei bekymringsmelding frå tilsette og frivillige med LHBT+-bakgrunn. Eit utval vart sett ned og ei undersøking vart gjort. Den synte eit behov for kompetanseheving blant alle tilsette, frivillige og folk i kyrkjelydane. Nå kursast altså heile kyrkja for å kunne møte alle på ein god måte. Kurset er obligatorisk for alle kyrkjelege tilsette.

Sebastian opplever møtet med kyrkja sine tilsette i Hamar bispedømme som meningsfylt.

«- Responsen fortel meg at mitt bidrag er viktig», seier han, «når du må sjå nokon i auga så mildnar det noko. Som transperson og musikar opplever eg at barrierane blir brotne ned: «- Høyr her, eg er skeiv, vi er menneske.»

Poenget med kursa er nettopp å bygge ned barrierar. I alle kyrkjelydar vil det vere folk med LHBT+-identitet. Tema kjønn og identitet har vore ukjent og framandt for mange. Erfaringar frå kursa syner at dei som har delteke har fått auka kunnskap. Så vellykka har kursopplegget vore at andre trussamfunn vurderer å ta det i bruk. Det vil også konsernet Equinor som brukar kurset som inspirasjon til eit eige kursopplegg internasjonalt.

«- Det er nyttig og viktig at temaet framleis er på agendaen, fordi det gjer så mye skade kva vi seier og kva vi gjer – det er menneske vi pratar om», seier Sebastian og syng:

*For tiden er for kort til flukt
Bruk den mens du kan
Noen trenger alt jeg er
Men og at jeg er sann.*



Kulturminne i Øystre Slidre



Vi har gleda av at kultursjef i kommunen, Kari Onstad, vil dele viktige kulturminne med lesarane! Øystre Slidre kommune har no ferdigstilt si fyrste kulturminneplan. Det er eit stort mangfald av kulturminne og kulturmiljø i kommunen, som neste generasjonar skal ha glede og nytte av. Kulturminneplanen skal vere eit nyttig verktøy i å forvalte og formidle kunnskap om kulturminna våre.

STØLAR

Lang tid har landbruk vore den viktigaste næringa for folk i Øystre Slidre, og før var stølen heilt avgjerande for drifta. Jorda heime måtte nyttast til korn, potet og liknande. Og difor vart hamne og slått i fjellet svært viktig. Det er framleis mange aktive stølar i kommunen, sjølv om det blir færre og færre.

Me ynskjer å få med nokre av dei stølane som er mest mogleg heilskaplege i kulturminneplanen, då me ser at det har større kulturminneverdi enn enkeltbygningar inne i stølsområda. Det er mange konkrete kulturminne i eit stølsmiljø; saltheller, torvtak, sløer, bryggesteinar, båtstøer, leikeplassar, samlingsplassar og rydningsrøyser for å nemne noko. Gjennom kartlegginga i samband med stølsprosjektet blei det utarbeidd ein kulturmiljøindeks (Stølsprosjektet, 2005) over stølsmiljø i 33 av 57 stølslag, der 22 fekk høg verdi og 2 fekk svært høg verdi. Av den heilskaplege vurderinga av stølsmiljø tilbake i 2005 scora Lié (sør i kommunen) og Mørstadstølen (nord i kommunen) høgast utifrå den indeksen. Ser ein på kartlegginga av SEFRAK bygningar kom Rognsfeten, Glåmstølen og Mørstadstølen høgt (over 45% med SEFRAK-bygningar).

Stølsdrifta på Rabalen, Buahaugen og Bukono er vanskeleg å tidfeste, men er omtala i eit dokument frå 1356. Det er også omtala i eit skriv frå 1419. Det blir då dei eldste omtala stølane i Øystre Slidre.



Utsikt over Vangsjøen frå Rabalen, Buahaugen til venstre og til høgre litt lengre nord, Bukono. Dei to gutane i like genserar er Rolf Jørn Karlsen og Morten Karlsen. Far deira, Rolf Karlsen tok bildet i 1967. Han er gått bort, men Rolf Jørn har gitt oss løyve til å bruke bildet. Familien har Røestølen/Rudistølen eller Veslerøe/Veslerudi, der framleis det gamle fjøset er intakt. Dette var den eldste stølen på Rabalen (ca. 400 år gamal), men det er lenge sidan det har vore stølsdrift her.

Kyrkjeklokkene ved Volbu kyrkje

TEKST: EINAR MOEN FOTO: SVEIN HEGGE

Ved Volbu kyrkje har me fire store klokker, to i stupulen frå siste halvdel av 1100-talet, og to i tårnet frå 1928.

Den gamle stavkyrkja, som vart bygd om lag på midten av 1100-talet, (tømmeret hogge i 1146 til 48, etter årringanalyse) har truleg fått dei eldste klokkene like etter at kyrkja var ferdig. Klokkene er frå den romanske stilperioden og er slanke med fint avrunda topp og høge kroner av ganske spinkle hankar, og dei er smykkede med enkle rundstavar nedst. Av same slaget er det og ei klokke i tårnet i Hedalen kyrkje, ei i Røn, ei i Bruflat og ei i Lomen. (etter Anders Bugge i Valdres 900-årsskift 1923.)

Dei gamle klokkene har truleg vore plassert i ein takryttar frå fyrst av. Ein ny takryttar og eit lite tårn vart bygd i 1651 og «messeklokkene» vart flytta dit.

Det er nemnt at i 1675 var det to små klokker i «Klokkestoelen», og 3 små «munche klocher».

Dei er nemnde både i år 1700 og 1736. «Klochestolen» er vel stolen klokkene er monterte i. Det er for meg noko uklårt korleis ein skal tolke det som er skrivne om dette, og korleis eller når desse små klokkene vart brukte. Dei er i alle fall borte. I 1790 er det berre dei to romanske klokkene som er nemnde.

Det ser ut til at stupulen på gravhaugen, der dei gamle klokkene er i dag, er bygd på same tid som den nye kyrkja. Ein skulle tru at den er eldre.



Den største av dei to klokkene frå den romanske stilperioden, - h 60 cm. diameter 50 cm. Blir berre brukt til gravferder og ringer 3x3 slag ved grava.

I 1928 fekk kyrkjelyden to nye klokker av O. Hedalen og Marit Jonsdatter Jonsrud. Faren var skulemeister i Volbu 42 år, så sonen Ola hadde barneåra sine i Volbu. Han hadde tidlegare, i 1920, gjeve orgel til kyrkja- som måtte byggast på for å få plass til det store instrumentet.

Klokkene er støypt i O. Olsens & søn klokkestøperi, Nauen i Tønsberg.

På den minste klokka står: «Gave frå O. Hedalen Volbu menighet 1928» og eit vers:

«Kalder jeg til kirkemøde - ringer jeg til ro de døde - altid er jeg Herrens tolk - naar han samle vil sit folk».

På den største klokka står: «Gave fra O. Hedalen til Volbu menighet 1928».

«Klokkene kimer og kalder - kalder paa gammel og paa ung - mest dog på sjælen træt og tung - syk for den evige hvile».

Eg hugsar at det i «gamle dagar» vart ringt ein gong før på dagen når det skulle vera messe. Dette er visst framleis praksisen, -ein time før. Kanskje det er ein levning frå den tida då dei færraste hadde klokke og slik vart mint om at det skulle vera messe denne dagen?

Det var og slik, kanskje for 50 år sidan, at dei gamle og dei nye klokkene, vekselvis ringte inn helga ved jul, nyttår, påske og pinse. Ein ringjar var i tårnet medan ein annan var i stupulen.

No er opphenget på gamleklokkene såpass morkna at ein må avgrense bruken. Dei blir berre brukt ved gravferd.

Klokkene frå middelalderen er mykje svakare i klangen enn dei frå 1928, så dei var vanskeleg å høyre på avstand. Det hadde vel noko med passeringa å gjera og. Kyrkja skjerma for klokkeklangen utover bygda.

(Kjelder: Valdres 900-årsskrift 1923, Årbokfor Valdres år 2000 og Norges Kirker.)



Den minste tårnklokka, - diameter 62 cm høgde 60 cm.



Den største tårnklokka, - diameter 75 cm høgde 72 cm.

Kyrkje- valet 2023

Øystre Slidre er det ope for førehandsstemming på kyrkjekontoret tysdagar og fredagar mellom kl. 10.00 og 14.00 frå 22. august til 8. september.

Det vil også vere ope for å stemme på kyrkjekontoret torsdag 31. august mellom klokka 15.00 og 20.00. Det er også høve til å stemme ved messene i Rogne og Lidar søndag 27. august. Søndag 10. september og måndag 11. september vil vallokala vere opne for å stemme på Tingvang.

Om nokon har behov for rettleiing om digital førehandsstemming er de velkomne til å kome innom kyrkjekontoret for å få hjelp.

Er du ein av dei 3,5 millionane som er medlem i Den norske kyrkja? Då er stemma di viktig i kyrkjevalet! Når du stemmer, gir du ein tommel opp til kyrkjelyden din, og du er med på å bestemme kven som skal leie han framover.

Kyrkja er til stades over alt i Noreg. Ho tek del i kvardagsliva våre og ved større og mindre hendingar i livet, i sorga og festen, i trøysta, songen, leiken og gleda. Kyrkja er open for alle, frå vogge til grav. Kyrkja har rom for deg!

Korleis vil du at kyrkja skal vere? Ved kyrkjevalet 10.-11. september har du høve til å påverke. På same tid som det er val til kommunestyre og fylkesting i eit vallokale like ved, kan du også stemme fram kven som skal leie kyrkja på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.

TO VAL

Kyrkjevalet er to val: Du kan stemme på kandidatane til soknerådet og til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

Til soknerådsvalet Øystre Slidre har ein gjeng flotte medlemmer sagt ja til å vere

Nytt av året er at du kan førehandsstemme digitalt.

Det gjer du på kyrkjevalet.no frå 10. august til og med 6. september. Du kan òg førehandsstemme fysisk til 8. september.

Di stemme tel i kyrkjevalet

kandidatar til sokneråda og leie kyrkjelydane dei fire neste åra. I soknerådet stemmer du på enkeltpersonar. Du har høve til å gje inntil tre kandidatane ei ekstrastemme. Kandidatane med flest stemmer blir med i rådet.

I val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet er du med på å bestemme kven som utgjer bispedømerådet. Kwart av dei elleve bispedøma i landet vårt har eit bispedømeråd. Rådet tilset blant anna prestar og leier bispedømet saman med biskopen. Medlemene av bispedømerådet er også medlemmer av Kyrkjemøtet, det øvste representative organet i Den norske kyrkja. Når du stemmer i bispedømerådsvalet er du dermed også med på å avgjere kven som utgjer Kyrkjemøtet. I dette valet stemmer du på ei liste. Listene legg vekt på ulike saker dei vil arbeide for i kyrkja. I Hamar bispedømme stiller Bønnelista og Åpen folkekirke lister i tillegg til Nominasjonskomiteens liste.

I begge vala er det høve til å gjere endringar på listene, til dømes å gje personstemme til enkelte kandidatane. Kva for endringar det gjeld, og korleis endringane påverkar valresultatet, kan du lese meir om på kyrkjevalet.no.

GODT VAL!

VISSTE DU AT...

·Ca. 3 millionar nordmenn har rett til å stemme ved kyrkjevalet 10.-11. september.

·Du må vera døypt for å vera medlem i Den norske kyrkja.

·Ungdom har stemmerett i kyrkjevalet frå året dei fyller 15.

·Eit sokneråd har 4-10 medlemmer i tillegg til soknepresten.

Medlemene har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn, og mange er også aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet.

·Til saman skal om lag 7000 rådsmedlemmer blir stemde inn i kyrkjevalet 2023.

KANDIDATAR TIL ROGNE SOKNERÅD

Toril Ringen f. 1970

Ole Kristian Bergene f. 1988

Mette Elin Gjevre f. 1974

Laila Hilmen Hovi f. 1964

Judith Anita Kloppbakken f. 1969

Elin Hovi f. 1965

Randi Helene Skrebergene f. 1958

Wenche Melbybråten f. 1972

KANDIDATAR TIL LIDAR SOKNERÅD

Egil Skoglund f. 1966

Frode Enger f. 1980

Sissel Dahle Lie f. 1960

Inger Marit Viken f. 1958

Bente Helle Schlytter f. 1982

Nils Harald Mørstad f. 1979

Ole Øyvind Grønolen f. 1962

Berit Sundberg Gjessing f. 1983

Ann-Christin Rødningen f. 1968

Ine Wigernæs f. 1969

Hilde Skrebergene f. 1985

Kjetil Ekerbakke f. 1977

Knut Ole Brendestuen-Rudi f. 1986

Tone Lill Hilmen f. 1969

Arild Grønolen f. 1971

KANDIDATAR TIL VOLBU SOKNERÅD

Hilde Windingstad f. 1973

Bjarne Veisene f.1966

Solveig Hårdnes f. 1973

Alexander Bærøy Nordsveen f.1999

Marit Blomlie f. 1962

Eli Bjørnødegård f. 1955

Janne Berg Nøbben f. 1992

Lene Viste f. 1987

Oddgeir Nøbben f. 1963

Stian Austdal f. 1996

Else Karin Sagerud f. 1952

KANDIDATAR TIL HEGGE SOKNERÅD

Anne-Kari Gjerdalen f. 1974

Ole Martin Alfstad f. 1965

Heidi Anette Håvi Pettersen f. 1992

Karl Hermann Laberg f. 1944

Ida Svensli Rudi f.1993

Håvar Dalbø f. 1977

Laila Rolandsgården f. 1975

Trond Rogne f. 1978

Ørjan Andreas Ripe Aastveit f.1978

Lillian Framstad f.1948

MIN SALME



«Underet i de tomme hender »

«Vi rekker våre hender frem» er hverken den mest kjente, voldsomste eller inderligste salmen jeg vet om. Kanskje heller ikke den flotteste. Men den har vært med meg så lenge jeg har hold på med kirkemusikk. Da jeg gikk på videregående på Gjøvik, hadde jeg en gammel koffert med noter i. Oppe i den hang en gul post-it-lapp fra Arne Wilter, med hans ti mest brukte salmenummer på. Og nr. 710 var en av dem. Målet var å kunne vikariere som organist. Så ble salmen med meg gjennom hele studiet; korsang i Gamle Aker kirke; undervisningstimer med komponisten- visjonæren og humoristen Trond Kverno; mitt eget bryllup. Og den ble også med meg vider gjennom yrkeslivet på utallige salmesedler om jeg har jobbet i Hasle, Furuset eller Vestre Slidre.

Salmen har vært der hele veien. Selv om den ikke tar mest plass, så står den der med et fortettet poetisk uttrykk – uten enderim, rent bortsett fra at siste linje alltid rimer med første linje i neste vers. Og Trond Kvernos musikk til teksten – jeg

vet ikke hvorfor den berører meg – men i all sin enkelthet treffer den en nerve, både når man tar sats og strekker seg etter topptonen, og når den lander i dissonans som ligger der og filer, helt til spenningen løser seg opp og en kan gå på siste linje av melodien.

Mens jeg skriver, kikker jeg ut av vinduet. Vinteren har omsider kapitulert for varmen. Bladene på bjørka er på nippet til å folde seg ut. Salmen gir dyp mening på denne årstiden. Mennesket kommer med sin svakhet, får næring utenfra, og fra de tomme hendene vokser etter hvert et tre fram. Det skyter knopp, grenene folder seg ut, det får blomst, blader og frukt. Og i skyggen av vårt tre kan andre mennesker finne ly. Kanskje er det tekstens og melodis forsiktede, men nesten trassige håp som berører meg – at i svakhet og smerte vokser nåden og kjærligheten fram. Vi er ikke nok i oss selv, men trenger styrke utenfra – for å kunne ta vare på hverandre.

- Are Alund

Vi rekker våre hender frem som tomme skåler.
Kom til oss, Gud, og gi oss liv fra kilder utenfor oss selv.

Alt godt til vårt og andres vel, er dine gaver
I svakhet fremmer du ditt verk, vår bare kvist skal skyte knopp.

Vi løfter våre hender opp i bønn for verden.
La dem som lider, finne vern mot kalde hjerters is og sne!

La våre hendens nakne tre få blomst og blader.
La våre liv få bære frukt til legedom for andres sår!

Vi venter, efter smertens vår, din nådes sommer.
Og sorg og glede blir til vekst med frukt vi ikke selv kan se.

Din nådes skaperverk skal skje i tomme hender.
O Gud, all godhets giver: kom, ta bolig i vår fattigdom.



KYRKJELEGE HANDLINGAR MARS - MAI 2023

DÅP

ROGNE KYRKJE

Alma Hyset Hammeren
Sigrid Medås-Trandokken

LIDAR

Juliane Sandum

VIGSEL

LYSKAPELLET

Stine Fridtun Brenden og Robert Bjurlemyr

GRAVFERD

VOLBU KYRKJE

Ottar Martinsen

HEGGE KYRKJE

Olav Bakkene
Kirsten Paulsrud
Berit Bolstad

ROGNE KYRKJE

Trygve Nerstad
Helge Lien
Henry Høgden
Ida Skatteboe
Margit Volden

LIDAR KYRKJE

Nils Nøbben
Borghild Emma Lykken
Sigurd Olav Hegge

VELKOMEN TIL KYRKJE!

Juli

02 07 2023 Lyskapellet kl. 11.00
Gudsteneste ved prost Carl Philip Weisser

02 07 2023 Øystre Slidre Helsetun kl. 16.30 Gudsteneste ved prost Carl Philip Weisser

16 07 2023 Rogne sokn kl. 12.00 Stølsmesse på Yddelie hjå Svein Erik Rogne ved prost Carl Philip Weisser. Kyrkjekaffi - ta med stol

23 07 2023 Hegge sokn kl. 12.00 Stølsmesse på Øystre Kjøllastølen hjå Anne-Kari Gjerdalen og Ole Kristian Oldre ved sokneprest Eli Vatn. Dåp. Kl. 10.00 pilegrimsvandring. Kyrkjekaffi - ta med stol

30 07 2023 Volbu sokn kl. 12.00 Stølsmesse på Nordre Trøllåsen hjå Bjørg Kristin og Odd Ivar Opheim ved sokneprest Eli Vatn. Kyrkjekaffi - ta med stol

August

06 08 2023 Lidar sokn kl. 12.00 Stølsmesse på Olestølen hjå Bjørn Brager og Anniken Eckhoff ved prost Carl Philip Weisser. Kyrkjekaffi - ta med stol

26 08 2023 Volbu kyrkje kl. 10.00 Kyrkjekipet Gudsteneste for 2-åringar ved sokneprest Eli Vatn m. fl.

27 08 2023 Rogne kyrkje kl. 11.00 Høgmesse ved sokneprest Eli Vatn «Heilt fyrsteklasses gudsteneste» 6 årsbok til 6 åringane Rogne skule

27 08 2023 Lidar kyrkje kl. 13.00 Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn «Heilt fyrsteklasses gudsteneste» 6 årsbok til 6 åringane Lidar skule

September

10 09 2023 Volbu kyrkje kl. 10.00 Utsendingsgudsteneste ved sokneprest Eli Vatn Pilegrimsvandring med konfirmantane langs Vindeåne til Hegge stavkyrkje, Gudsteneste kl. 17.00 ved sokneprest Eli Vatn

17 09 2023 Rogne kyrkje kl. 11.00 Høgmesse ved prost Carl Philip Weisser

16 09 2023 Volbu kyrkje kl. 10.00 Kyrkjekipet Gudsteneste for 2-åringar ved sokneprest Eli Vatn m. fl.

24 09 2023 Hegge stavkyrkje kl. 11.00 Gudsteneste og gullkonfirmant treff ved sokneprest Eli Vatn

30 09 2023 Volbu kyrkje kl. 10.00 Kyrkjekipet Gudsteneste for 2-åringar ved sokneprest Eli Vatn m. fl.

Gullkonfirmanttreff

blir den 24. september i Hegge kyrkje kl. 11.00. Etter messa er det middag og festeleg samvær i Hegge kyrkjestogo. Alle som vart konfirmerte i Hegge kyrkje 17. juni 1973 får eige innbyding med påmelding.

Til deg som går i 9. klasse – har du tenkt på konfirmasjon?

Innskriving i Rogne kyrkje 29. august 2023 kl. 19.00. All ungdom er velkomne som konfirmantar, dei som ikkje er døypt må døypast før sjølve konfirmasjonen. Konfirmasjonsdatoar våren 2024 er 2. juni Volbu og Rogne. 9. juni Lidar og Hegge. Velkomne til møte i Rogne kyrkje.

10. september Volbu kyrkje kl. 10.00 Gudsteneste. Pilegrimsvandring frå Volbu, langs Vindeåne til Hegge kyrkje med Gudsteneste kl. 17.00. Turen er for konfirmantar, føresette, fadrar og andre som vil vere med.

Heilt **Fyrsteklasses.**

– utdeling av 6 årsbok!

Blir du 6 år i år? Då får du ei eiga innbeding til gudstenesta den 27. august. Rogne kyrkje kl. 11.00 for fyrsteklasse på Rogne skule og Lidar kyrkje kl. 13.00 for fyrsteklasse Lidar skule. Her vil du få utdelt 6 årsbok, ei bok om Bo og Nora, med både teikneseriar og bibelforteljingar. Me feirar din skulestart med ei heilt fyrsteklasses gudsteneste.

Velkomen til deg!

Foreldre, besteforeldre og andre du vil ha med er sjølvsagt også velkomne!

Den gylne time

Kvar torsdag kl. 17.30 i Lyskapellet.

Salmekveld

28. august og 25. september i Rogne kyrkjestogo kl. 19.00

Babysong

29. august 19. september og 3. oktober i Rogne kyrkjestogo kl. 11-13.

Babyar mellom null og eitt år er hjarteleg velkomne saman med foreldra til ei koseleg stund med song, musikk og lett servering.

Pusterom

21. august og 18. september i Volbu kyrkje. Felles meditasjonsstund frå kl. 18.30

www.skjerikirken.no
Dette er ei felles infoside om alt som skjer i kyrkja.

KYRKJA SI HEIMESIDE:
www.kyrkja.no/oystre-slidre

KYRKJA ER ÒG PÅ FACEBOOK.
/Kyrkja-i-Øystre-Slidre

Her fortel vi om hendingar og opplegg knytt til kyrkjer og kyrkjeliv i kommunen.